

# Møte i Marvik skule FAU – skuleåret 2022/2023.

Dato: 19.10.22

Skrivar: Elisabeth Bjørkhaug

Tilstade i møtet:

	Representant		Vararepresentant	
1. klasse	Elisabeth Bjørkhaug	x	Siv Marita Iversen	
2. klasse	Lisebeth Gjøse	x	-	
3. klasse	Atle Tveita	x	Lars Ove Fjetland	
4. klasse	Finn Arthur Rosland	x	Bjørn Helge Lovra	
5. klasse	Elisabeth Bjørkhaug	x	Sissel Vatland	
6. klasse	Liv Jorunn Øvrebø	x	Susanne Log	
7. klasse	Björg Karin Øvrebø	x	-	
Rektor	Tanja Bergby	x		

## Sak 1: FAU konstituerer seg.

Leiar – Atle Tveita

Nestleiar – Finn Arthur Rosland

Skrivar – Elisabeth Bjørkhaug

## Sak 2: Kort orienteringssak etter møte i kommunalt FAU – utfordringar i Suldalskulen.

Atle orienterte kort om møtet på Sand. Kommunestyret har bedt Stab oppvekst om å koma tilbake med ein rapport som synleggjer utfordringsbildet i Suldalsskulen. Stab oppvekst har engasjert KS-konsulent i å utarbeida denne.

Frist for å senda inn innspel til rapporten er 21.10. Innspela skal i størst grad dreia seg kring:

1. Kva tenkjer me er god kvalitet i skulen, sett frå elevar og føresette sitt perspektiv?
2. Kva er vårt inntrykk av kvaliteten i Suldalskulen generelt og Marvik skule spesielt?
3. Kva opplev me er dei fremste styrkene til Marvik skule, og kva utfordringar ser me?
4. I kva grad opplev me at me er kjende med skulen sine premisser for å driva ein god skule?
  - Formelle krav i form av lovverk, læreplan og krav til kompetanse
  - Ressursar, både menneskelege og økonomiske
5. I kommunen sitt arbeid med å vidareutvikla og betra Suldalsskulen, kva er det viktigaste ein bør leggja vekt på?
6. Andre forhold me meiner er viktige.

Neste møte i Marvik skule FAU er tysdag 1. november kl. 19.00 på Marvik skule.